

Vekslingsmodell Bygg- og anleggsteknikk Stryn vidaregåande skule

Prosjekt i samarbeid med Utdanningsdirektoratet 2014-18

Ny og framtidsretta opplæringsmodell

Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule har spesielt dei siste åra arbeidd utviklingsorientert og målretta med kvalitet i det 4-årige opplæringsløpet til elevane. Skulen og faglærarane har tileigna seg kunnskap og erfaring gjennom samarbeid med relevante opplæringsbedrifter både lokalt, regionalt og på internasjonalt nivå. Internasjonalt samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar i Europa har tilført skulen erfaring og kunnskap som vert nytta i undervisninga og i opplæringa til elevane innan bygg- og anleggsteknikk.

Erfaringane skulen har gjort seg internasjonalt er i tråd med intensjonane i Stortingsmelding nr. 20 «På rett vei – Kvalitet og mangfold i fellesskolen». Internasjonal kunnskap og erfaring samt Stortingsmelding 20 er bakgrunnen for at Stryn vidaregåande skule hausten 2014 starta opp eit 4-årig prosjekt med utprøving av «lokal vekslingsmodell».



Kva er ein Vekslingsmodell

Tradisjonelt vert modellen 2 år i skule og 2 år opplæring i bedrift nytta i opplæringa til elevane på yrkesfag. Utvikling i bransjen, samfunnsmessige utfordringar og endring i skulestrukturen i Sogn og Fjordane fordrar nye og meir fleksible løysingar, også innan opplæringssektoren.


Ved bruk av vekslingsmodellen får eleven starte med fordjuping i ønska lærefag tidleg i opplæringsløpet. I opplæringa i skule vert grunnleggande kunnskap og ferdigheiter vektlagt. Gjennom arbeidspraksis i bedrift får eleven mengdetrening innan sitt fordjupingsområde/lærefag. Stortingsmelding 20 opna og for mulegheit til å tilpasse Vekslingsmodellen etter behovet i lokalt og regionalt næringsliv..

På Stryn vidaregåande skule kan du vere vekslingselev i følgjande lærefag:

- Tømrarfaget
- Betongfaget
- Murarfaget
- Stillasfaget

- Røyrleggjarfaget
- Malarfaget

Utdanningsvegar og lærefag innan Bygg- og anleggsteknikk



Korleis gjennomfører Stryn vidaregåande skule opplæringa til elevane gjennom lokal vekslingsmodell

VG1 Bygg- og anleggsteknikk – breiddeåret

- Elevane får kjennskap til og kunnskap om dei ulike yrka innan Bygg- og anleggsteknikk
- Opplæringa er modulbasert der elevane får i grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter innan dei ulike lærefaga
- Tilbod om T-mattematikk etter vurdering frå Kartleggingsprøver
- Grunnleggjande HMS opplæring
- Praksisførebuing
- Elevane fordjupar seg i ønska lærefag i relevant opplæringsbedrift
- Eleven søkjer om å bli «Vekslingselev» innan 1.mai etter fastsette kriteria.
 - Intensjonsavtale med bedrift



Etter breiddeåret på VG1 ved Stryn vidaregåande skule kan eleven velje mellom følgjande modellar:

A. Ordinær opplæring på VG2 Byggteknikk ved Stryn vidaregåande skule eller anna VG2 program i Sogn og Fjordane (Klima, energi og miljøteknikk eller Anleggsteknikk)

- To år opplæring i skule + 2 års læretid
- Fagbrev

B. VG2 Byggteknikk med veksling

- Eleven vekslar mellom teoretisk opplæring i skule i Felles programfag og praksisopplæring i bedrift
- Eleven tek tverrfagleg praktisk/munnleg eksamen
- 2 x 3 veker praksis per år + 2-3 dagar per veke med arbeidsopplæring i eller av bedrift
- Eleven fullfører fellesfaga
- Fagbrev

Gjennom opplæringa på Stryn vidaregåande skule eleven tilbod om følgjande sertifiseringar og sikkerheitsopplæring:

- HMS
- Varme arbeid
- Personløftarkurs (klasse A og B – tilhengarmontert og sjølvgåande personløftar)
- Løfteredskap (stropping, anhuking og signalgjeving)
- Truckføraropplæring
- Stillasopplæring
- Kurs i bruk av kjedesag
- Opplæring i sikker bruk av trykkluft – og elektrisk verktøy

C. Rørleggjarfaget eller Målarfaget

ÅR 2

- Eleven skriv lærekontrakt etter fullført og bestått VG1
- Stryn vidaregåande skule har ansvar for opplæringa i Fellesfaga på VG2 nivå

ÅR 3

- BYGG OPP har ansvar for opplæring i Felles programfag på VG2 nivå

ÅR 4

- Praktisk munnleg eksamen evt tverrfagleg skriftleg eksamen før fagprøve



Overordna målsettingar med vekslingsmodellen

- ✚ Skape kvalitet og relevans i opplæringa
- ✚ Kunne tilby fleksibilitet i opplæringsløpet
- ✚ Kunne nytte relevante opplæringsarenaer
- ✚ Imøtekomme elevane sine ønsker
- ✚ Auka gjennomføring av vidaregåande opplæring fram til fagbrev
- ✚ Faglærer skal kunne i større grad delta i elevane si opplæring i bedrift
- ✚ Kunne auke fagområda si yrkesstoltheit
- ✚ Imøtekomme næringslivet lokalt og regionalt sitt behov for læringar og faglært arbeidskraft
- ✚ Prøve ut 1+3 modellen i små fag / smale fagfelt i samarbeid med lokale og regionale bedrifter



Eit utdanningsprogram som legg grunnlag for attraktive yrke- og utdanningsvegar

Frå skuleåret 2014-15 vart klassetalet auka opp til 2 grupper på VG1 nivå i Stryn. Kvaliteten på opplæringa innan Bygg- og anleggsteknikk er nok ei medverkande årsak til auka i klassetal. Gjennom opplæring i skule og opplæring i bedrift vert det lagt eit godt og solid grunnlag for vidare læretid og fagbrev. Etter fullført fagbrev opnar vegane seg vidare til fagskule og ingeniørstudie. Bransjen er heilt klare på at byggingeniørar med fagbrev innan bygg- og anleggsfaga er dei mest attraktive og dyktigaste ingeniørane når dei skal rekruttere ingeniørar til si verksemd.

